

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/23270

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

15.10.2014

LÆRINGSVERKSTEDET FLATØY BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2014

Den 15.10.14 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Læringsverkstedet Flatøy barnehage. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrrar Mona Uglum Osberg møtte for verksemda.

➤ Tilsyn

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Barnehagen har i dag 17 barn, med ei fordeling på 3 barn under 3 år og 14 barn over 3 år. Med denne alderssamansetninga på barnegruppa, så treng barnehagen eit leike- og opphaldsareal på 72 m². Barnehagen har eit leike- og opphaldsareal på 100 m².

§ 4; Ansvar. Internkontroll

- Denne er tilfredsstillande.

Avvik som vart påpeika

Under tilsynet vart det oppdaga nokre manglar i verksemda.

§§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

1. Barnehagen manglar vedlikehaldsplan. Barnehagen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

§ 13; Reingjering og vedlikehald

2. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

3. Vasskranar som barna nyttar manglar skåldesperre. (Varmt vatn for små barn bør være ca. 38°C).
4. Det vart oppdaga opningar mellom 9 – 23 cm på klatrestativ innkjøpt i 2011. Opningar må sikrast.
5. Leikeplassutstyr manglar merking i samband med Norsk standard NS-EN 1176.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Observasjon**

§ 9; Utforming og innreiing

- Kjemikalier oppbevarast i lukka skåp på personaltoalett/stellerom. Det må vurderast å halde skåp låst ev. rom avlåst for å vera sikre på at kjemikalier ikkje er tilgjengeleg for barna.
- Det bør vere stige/trapp opp til stellebord for barna, slik at tunge løft unngås.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

- Barnehagen utførar månedlige tilsyn med leikeplassutstyret. Det anbefalast årleg kontroll utført av ekstern kontrollør. Leikeplassutstyret og fallunderlag må kontrollerast og vedlikehaldas etter *Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr* og Norsk standard NS-EN 1176 og NS-EN 1177. Verksemda skal ha dokumentasjon på at årleg kontroll er utført.

§ 24; Avfallshandtering

- Barnehagen har kjeldesortering. Det manglar lokk på bioavfall, noko som det bør ha av hygieniske årsakar.

➤ **Vedtak**

- Avvik nr. 1 må rettast innan 01.12.14.
- Avvik nr. 2 må rettast ved neste hovudreingjering.
- Avvik nr. 3 - 5 må rettast innan 15.11.14.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når manglane er retta opp.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Meland kommune
- Rådmann
- Utval for levekår